



## Senterpartiet Etne

2023 - 2027

Grøn kommune, levande grender, små skilnadar



# Trygg oppvekst

Etne kommune skal vera trygg og god å veksa opp i, med god kvalitet i barnehage, skule og SFO.

Etne Senterparti jobbar for

- å motarbeida utanforskap, førebygginga må starta allereie i barnehagen
- at kommunen framleis skal ha to ungdomsskular
- framleis full barnehagedekning i heile kommunen
- tettare samarbeid mellom skular/SFO og fritidsaktivitetar
- å framleis vera ein MOT-kommune og oppretthalda SLT-koordinatoren
- trygge skulevegar
- å få på plass ei pedagognorm
- å involvera ungdomsrådet meir i saker som vedkjem born og ungdom
- eit tettare samarbeid mellom skulane i Skånevik og Etne, med felles temadagar og fritidsaktivitetar på tvers av bygdene



# Varm omsorg

Etne kommune skal ha høg kvalitet i sine omsorgstenester og tenestenivået skal vera tilpassa den enkelte sine behov.

Etne Senterparti arbeider for

- at folk skal få bu lengst mogleg heime eller i tilrettelagt bustad for alderdomen
- å førebyggja einsemd i alle livsfasar
- heildøgnstilbod og styrka aktivitetstilbod innan rus og psykiatri
- å styrka demensomsorga for å gi eit godt og trygt tilbod til personar med demens
- auka talet sjukeheimsplasser når behovet for dette oppstår
- å tilretteleggja for at dei tilsette framleis kan yta tenester av høg kvalitet
- å styrka rekruttering av fagfolk, og leggja til rette for at tilsette kan ta fagbrev
- god folkehelse i alle fasar av livet
- at pårørande blir ivaretakne og sett i stand til å hjelpe sine på best mogleg måte

# Idrett, kultur og natur

Innbyggjarane i kommunen skal ha ei innhaldrik fritid uansett alder.

Etne Senterparti vil jobba for

- at alle born og ungdom skal få ta del i fritidstilbod, uavhengig av familieøkonomi
- å halda fram med å styrka det gode arbeidet til frivilligsentralen
- at kommunen skal vera ein aktiv bidragsyta for å styrka det frivillige arbeidet
- eit breiare tilbod innan idrett/fritidsaktivitetar for unge over 15 år
- å ferdigstille aktivetsområda i Skånevik og Etne
- universell utforming slik at aktivitetstilbod er tilgjengeleg for alle
- interaktivt museum/utstilling og kulturhistoriske løyper i kommunen
- dagsturhytte nær Skånevik
- syta for gode rammer til aktivitetane knytt til kyrkjene
- merka turløyper i heile kommunen og tilhøyrande digitale kart
- oppgradering av idrettsanlegg

# Samferdsel og infrastruktur for levande bygder

God kommunikasjon og infrastruktur er avgjerande for ein kommune i utvikling.

Etne Senterparti jobbar for

- å få Bakka – Solheim inn på NTP snarast
- å ferdigstilla høghastighetsbreiband i heile kommunen
- sikker mobildekning.
- å betra vegane mellom Skånevik og Etne
- eit kollektivtilbod tilpassa infrastrukturen og behovet i kommunen
- ny vegløysing av Åsheimsvegen
- godt vedlikehald av kommunale vegar heile året
- å støtta Sauda i deira planar om veg til Etne
- å rusta opp det kommunale leidningsnettet for vatn og avløp
- mudring utanfor den kommunale kaien på Tongane
- rimelegare bustadalalternativ og nye tomter både gjennom private initiativ og Etne tomteselskap
- fortetting og bygging i høgda i tettstadene



# Solid næringsliv og viktig landbruk

Etne kommune skal vera ein pådrivar for meir verdiskaping og nye arbeidsplassar i næringsliv og landbruk

Etne Senterparti jobbar for:

- eit sterkt jordvern
- tettare samarbeid mellom landbruksorganisasjonane og landbrukskontoret
- tettare og sterkare samarbeid mellom kommune og privat næringsliv
- eit sterkt og levande sentrum i Skånevik, både for fastbuande og turistar
- at Etnesjøen skal veksa som handel- og servicesenter
- at næringsarealet på Fikse skal takast i bruk
- at det til ei kvar tid skal vera ledige næringstromter
- nye tiltak i landbruket og stimulera til nydyrkning
- støtte til gründarar, gratis kontorplass i næringshagen og rådgiving ved oppstart
- å sikra god utnytting av utmarksressursane
- kort sakshandsamingstid for byggesaker
- styrka turistinformasjonen og spela på lag med turismen i heile kommunen



# Miljøbevisst og berekraftig kommune

Etne kommune skal vera sitt ansvar bevisst, og leggja til rette for ei berekraftig utvikling i heile kommunen.

Etne Senterparti vil

- seia nei til vindparkar i kommunen vår
- iverksetja fleire tiltak for ein reinare og ryddigare kommune
- nytta aktuelt og uproduktivt areal til solenergi
- auka kunnskapen om og stimulere til bruk av grøn energi
- støtta opp om småkraftutbygging
- jobba for etablering av hydrogenanlegg til industriføremål
- jobba for å sikra villfiskstammene i Etnevassdraga
- jobba for energieffektive tiltak i landbruk, næringsliv og offentleg sektor som t.d. solcelle og biogass
- at det skal nyttast utsleppsfrie alternativ til kommunale køyretøy, der det er mogleg
- jobba for solcellepanel på alle kommunale bygg der dette er hensiktsmessig

# Me vil ta heile kommunen i bruk!

Etne Senterparti har gjennom arbeidet vårt i kommunestyret vist at me er eit ansvarleg parti i styringa av kommunen.

Kommunen har moderate inntekter, og det gjeld å bruka kvar krone på klokast mogleg måte for å kunna yta kvalitet i alle tenestene til innbyggjarane. Skal me levera dette, er me dessverre avhengig av å halda på eigedomsskatten, men me har vist at me klarar å halde både eigedomsskatt og kommunale avgifter på eit lågast mulig nivå, noko me og vil stå for framover.

Etne Senterparti vil ha ein kommune som har aktive grender og tettstader. Me vil ha bustadbygginga spreidd i kommunen, og sjølvsagt også gode tomter i sentrale bustadfelt i tettstadene.

Grunnlaget for at unge skal velgja å bli buande her, eller flytta heim etter endt utdanning, er at dei har opplevd kommunen som ein god stad å veksa opp, difor er inkluderande lokalmiljø med gode aktivitetsområder- og tilbod eit satsingsområde for oss.

Me står føre utfordringar i eldreomsorga. Her har kommunen forebudd seg godt og kan tilpassa tenestene, men me må rekruttera dei varme hendene. Difor er kommunen si rolle som ein god og ansvarleg arbeidsgjevar viktig. Kommunen si viktigaste oppgåve er å ivareta innbyggjarane våre frå vogge til grav, her har me i Senterpartiet vist at me har tatt oppgåva på alvor, og som kjent er godt gjort betre enn godt sagt.

Godt val!



## Etne kommune som arbeidsgjevar

Etne Sp vil jobba for

- å få bort ufrivillig deltid
- fleire læreplassar innan alle fag i kommunen
- at tilsette får tilbod om kompetansheving
- leggja til rette for fysisk trening for dei tilsette
- tilretteleggja for at seniorar som ønskjer det, framleis skal få delta i arbeidslivet
- at fysisk arbeidsmiljø som eit minimum må vera i samsvar med arbeidsmiljølova og arbeidstilsynet sine krav



**Senterpartiet**  
Etne

Følg oss på facebook  
og på [sp.no/etne](http://sp.no/etne)

# Kommunestyrelista 2023 - 2027



1. Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (1963)  
Fotterapeut/Ordførar



2. Sjur Aakra (1970)  
Bonde



3. Andreas Aune (1973)  
Bonde/Ingeniør



4. Anita Larsen (1968)  
Rågjevar



5. Liv Kaldheim (1971)  
Spesalsjukepleiar



6. Robert Melkeraaen (1974)  
Skipper/Reiselivsgründer



7. Hanne Therese Åsbø (1985)  
Butikkmedarbeidar



8. Jacob Olseth Bull-Tornøe (1978)  
Bonde



9. Øystein Børve (2002)  
Bonde



10. Lars Kjetil Flesland (1958)  
Landbruksrådgivar



11. Eivind Frette (1983)  
Bonde/Prosjektleiar i  
byggefirma



12. Tone Randi Frette (1973)  
Kyrkjelydssekretær



13. Ieva Konova (1994)  
Kjøkkensjef



14. Lars Anders Molnes (1984)  
Pumpeoperatør



15. Magne Olseth (1951)  
Bonde/Pensionert sjukepleiar